



Innehavarane Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kirsti Børve har all grunn til å vera fornøgde med fjoråret

SPAR Uskedalen held fram med å oppvisa imponerande tal. I fjor auka dei brutto-omsetnaden frå 33 til 38 millionar og det var i stor grad eit resultat av at butikken vart utvida og rusta opp.

- Større plass, betre varetilbod og enklare drift er forklarande stikkord, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no Ho er svært godt fornøgd med 2012, også at alt gjekk som planlagt i samband med utbyggjingsprosjektet. Det var budsjettert til 8 millionar kroner og den ramma heldt utan sprekk



Nybutikken vart opna av Hjørdis Nilsen (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi var som naturleg er svært spente då vi starta prosjektet, også på vegne av kundane. Men det viste seg at dei ikkje leid nokon overlast og var like blide etterpå.

Vi har registrert berre positive reaksjonar, seier Bente og peikar på at det i fjor var 170 000 kundar innom. Det er 18 000 fleire enn året før. Ein stor del av omsetnadsauken kom etter opninga av den 'nye' butikken.

Den daglege leiar har mellom anna merka seg at også fleire tilfeldig passerande enn før handlar på SPAR Uskedalen.

Det har samanheng med at butikken er meir synleg frå fylkesvegen enn tidlegare og at parkeringa fell lettare ettersom plassen er meir rommeleg.

Men auken i talet på handlande har og samanheng med at Joker i Herøysund vart nedlagt.

Når det gjeld ein-skilde varegrupper peikar Bente på at utvalet av lokalmat har auka og at den sel godt.

SPAR Uskedalen har no 12 heiltidsansatte og 2 ansatte på deltid

- det er færre på deltid og fleire på heiltid enn tidlegare. Då var dei oppe i ein stab på nærmare 20. Den nyopprusta butikken har også ført til enklare og mindre arbeidskrevande drift.

Av Ola Matti Mathisen